

Årsmøte 2025 Vik Turlag

Referat

Onsdag 28.januar, 19:00

Ostebaren, det vart servert ostetallerken

Frammøtte: 27 stykk

Innlegg

Møtet vart innleia av Torstein Kongslien som fortalde om og viste bilete frå fjell og DNT-hytter i Valdres, og området der familien hans har hatt støl i nærleiken av Bygdin.

Han fortalde om lokalhistorie som gav namn til plassar som Thomashelleren, kjenningar av familien og tamreinsdrift på Torfinsbu, reindrift i Valdres, historiske spor etter reinsjakt og arkeologiske funn av pilspisser og andre jaktvåpen i høgfjellet.

Årsmøtesaker

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent.

2. Val av ordstyrar, referent og to til å skrive under referatet

Kirsten er ordstyrar, Sigrid er referent, Reidun Ovid og Astrid Drægne skriv under referatet.

3. Godkjenning av årsmelding

Årsmelding gjennomgått og godkjent - Kirsten legg inn eit par kommentarar om dagsturar og helgetur som har blitt gjennomført i 2025. Årsmeldinga ligg på Vik Turlag si side på dnt.no.

4. Godkjenning av rekneskap 2025 og budsjett 2026

Rekneskap 2025 og budsjett 2026 godkjent.

5. Vedtektsendringar

Vi har i år måtta oppdatere vedtektene våre for å samkøyre meir med DNT Sogn og Fjordane/Sentralt sine vedtekter. Vedtekter ligg på Vik Turlag si side på dnt.no - "om Vik Turlag".

6. Avtale mellom Vik Turlag og DNT Sogn og Fjordane

Ligg på Vik Turlag si side på dnt.no . Godkjent av styret.

7. Val - Valnemnda si innstilling til Årsmøtet i Vik Turlag

Hovudstyret:

Kirsten Asheim (leiar), Anne Silje Sylvarnes (nytt styremedlem), Hild Berglund (nytt styremedlem), Målfrid Holen (vara)

Revisor:

Gyda Bøthun held fram som revisor
Oddrun Time (vara)

Barnas Turlag:

Seline Voll og Miriam Voll held fram

Onsdagsturgruppa:

... (leiar)

Terje Tryti (styremedlem)

Øydis Bøtun (styremedlem)

Valnemnda har ikkje lykkast få tak i fleire styremedlem men føreslår at årsmøtet gir styret fullmakt til å rekruttere fleire medlem.

Hyttegruppa:

Valnemnda si innstilling til årsmøtet er at hyttegruppa vert lagt ned, for å frigje ressursar. Forslaget er drøfta med leiar, som stiller seg bak.

Hyttestyret for Sylvarnes:

Valnemnda har prøvd å få til ei omrokking av styreverv, utan å lykkast. Innstillinga vert difor at hyttestyret held fram med same organisering.

Hanne C. Finne (leiar)

Karen Weichert (styremedlem)

Harald Hanekam (styremedlem)

Geir Årestrup gjekk ut av valnemnda i år, og difor har dei berre vore to om oppgåva. For å unngå det same neste år har dei difor også ei innstilling til valnemnda.

Valnemnda:

Siri Bøthun (leiar i 2027)

Brita Helleland (leiar i 2028)

Joar Tistel (leiar i 2029)

8. Ymse

Foreslåtte dagsturar/Sundagsturar i 2026

- Skar - Skauasete i Fresvik
- Grindsdalen - Hella med Voss utferdslag 2. august (under planlegging med Jon Arne og Voss Utferdslag)
- Hella - Eitorn - Kvinnefossen - Skoparsete (tidleg vår/sein haust)
- Fossfjell-området
- Dale - Hellestølen (Fjorden)
- Helgetur i slutten av august (?)

Utdeling av gåve - i år vart det T-merka sokkar frå Devold 😊

Vik, 5/2-26
Reidun Onnild

cus nagn